# Ny gjødselbrukforskrift

Øyvind Vatshelle og Martin Søgnen
webinar 7. mars 2025



Statsforvaltaren i Vestland

# Om regelverket

## Todeling av forskrifta:

- Forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv. (gjødselbrukforskrifta)
- Forskrift om produksjon, omsetning og import av gjødselvarer av organisk opphav og visse uorganiske gjødselvarer (gjødselvareforskrifta)
- Formålsparagraf noko supplert frå høyringa

LOVDATA | Søk etter lover, forskrifter, dommer, stortingsvedtak | Søk | Logg in

**Forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv** | Innholdsfortegnelse

### Forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv.

| | |
|---|---|
| Dato | FOR-2025-01-29-115 |
| Departement | Helse- og omsorgsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Landbruks- og matdepartementet |
| Ikrafttredelse | 01.02.2025, 01.01.2026, 01.01.2027, 01.01.2030 |
| Endrer | FOR-2003-07-04-951 |
| Hjemmel | LOV-1981-03-13-6-§9, LOV-1981-03-13-6-§81, LOV-1981-03-13-6-§82, LOV-1995-05-12-23-§3, LOV-1995-05-12-23-§11, LOV-2003-12-19-124-§5, LOV-2003-12-19-124-§6, LOV-2003-12-19-124-§7, LOV-2003-12-19-124-§9, LOV-2003-12-19-124-§11, LOV-2003-12-19-124-§12, LOV-2003-12-19-124-§14, LOV-2003-12-19-124-§15, LOV-2003-12-19-124-§17, LOV-2003-12-19-124-§18, LOV-2003-12-19-124-§23, LOV-2003-12-19-124-§33, FOR-2003-12-19-1790, LOV-2011-06-24-29-§8 [-] Skjul |
| Kunngjort | 04.02.2025 kl. 14.35 |

**Hjemmel:** Fastsatt av Klima- og miljødepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet 29. januar 2025 med hjemmel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 9, § 81 og § 82, lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 3 og § 11 første ledd, lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv (matloven) § 5, § 6, § 7, § 9, § 11, § 12, § 14, § 15, § 17, § 18, § 23 og § 33, forskrift 19. desember 2003 nr. 1790 om myndighetsfordeling etter lov om matproduksjon og mattrygghet mv. og lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelseloven) § 8 andre ledd.
**EØS-henvisninger:** EØS-avtalen vedlegg XX kap. II nr. 13b (direktiv 91/676/EØF) og kap. V nr. 32 (direktiv 86/278/EØF som endret ved forordning (EU) 2019/1010).

**Kapitteloversikt:**


Kapittel 1. Innledende bestemmelser (§§ 1 - 3)
Kapittel 2. Krav til oppsamling og lagring av organiske gjødselvarer (§§ 4 - 13)
Kapittel 3. Krav til bruk av gjødselvarer (§§ 14 - 21)
Kapittel 4. Særlige bestemmelser om bruk av gjødselvarer med avløpsslam (§§ 22 - 23)
Kapittel 5. Særlige bestemmelser om bruk av gjødselvarer der bruken reguleres ut fra gjødselvarens tungmetallinnhold (§§ 24 - 25)
Kapittel 6. Krav til plan og dokumentasjon (§§ 26 - 29)
Kapittel 7. Tilsyn, klage, straff mv. (§§ 30 - 34)
Kapittel 8. Ikrafttredelse, overgangsregler og endring av forskriften (§§ 35 - 37)
Vedlegg 1: normtall for forventet mengde fosfor (P) per individ av ulike dyreslag
Vedlegg 2: normtall for forventet mengde nitrogen (N) per individ av ulike dyreslag


**§ 1. *Formål***

Formålet med denne forskriften er å legge til rette for at gjødselvarer kan utnyttes som en ressurs samtidig som forurensningsmessige, helsemessige og hygieniske ulemper ved lagring og bruk forebygges. Forskriften skal legge til rette for god avling og god utnytting av næringsstoffer i gjødselvarer og jordsmonn, og begrense tap av næringsstoffer til vassdrag og luft. Forskriften skal bidra til en miljøforsvarlig forvaltning av jordsmonnet og ivareta hensynet til biologisk mangfold.

Foto:

# Dei viktigaste endringane

**Vurdert frå LMD**

- Tidlegare spreiefrist om hausten
- Reglar om bruk av gjødsel gjeld i større grad på tvers av gjødselslag
- Overgang frå minstekrav spreie-areal til grense for fosformengd
- Dokumentasjonskrav: gjødslings-plan, og krav om journal
- Justert myndigheitsfordeling

**Vurdert i tillegg v/Statsforvaltaren**

- Mykje strengare krav til maksimal fosforgjødsling, og dermed  fordeling av husdyrgjødsel
- Godkjenningar for gjødsling på innmarksbeite inkl avstand til vassdrag

# Spreiefrist for gjødsel i Vestland

2025 og 2026

- 15. sept utan nedmolding
- 1. nov med nedmolding
- 15. februar

Lokale gjødselforskrifter er oppheva, og kommunen kan ikkje tillate spreiing etter frist

Statsforvaltaren kan gi disp. i særskilte tilfelle

Frå 2027

- 15. september for all spreiemetode
- Ut 2028: Føretak som har for lite lagerkapasitet til å overhalde nye fristar: 1. nov med nedmolding
- 1. mars

Hovudregelen er å hauste eller etablere plantevekst etter siste spreiing

Statsforvaltaren kan gi disp. i særskilte tilfelle



Foto: Lars Kjetil Flesland, NLR

© Statsforvaltaren i Vestland







# Vestland manglar gjødsellager

*Spørjeundersøking 334 bønder, februar 2025*
*91 % mjølk, 5 % gris/fjørfe, 4 % kombinasjon*

- 30 % har mindre enn 8 mnd lagerkapasitet
- 65 % spreier gjødsel etter siste hausting
- Svar om aktuelle tiltak:
  - Tomt lager 15. sept
  - Søke støtte til nytt lager (59 % av dei som bør gjere tiltak)
  - Transport til andre lager på vinteren
  - Redusere dyretalet (43 % av dei som bør gjere tiltak!)
  - Større tankvogn
  - Levering til biogassanlegg
  - Bygge tak / dekke over lager

**Foto:** Statsforvaltaren i Vestland

© Statsforvaltaren i Vestland




*Fig: Gjennomsnittleg innhald av fosfor (P-Al) i jordprøver 2009-2016.*
*Tal frå Nibio, prøver analysert hos Eurofins.*




**Figur 4-2: Fordeling av beregnet fosforbalanse, i kg fosfor per daa, i gjennomsnitt for de tre siste regnskapsår for 305 melkeproduksjonsgårder fra hele landet i Driftsgranskinger i jord og skogbruk.**

# Husdyrgjødsel er viktig ressurs - men med tosidig natur

- Husdyrgjødsel og annan gjødsel er viktige ressursar
- Men det må spreiast til rett tid og med rett mengd
- Nødvendig med innstrammingar
  - Betre ressursutnytting
  - Betre miljøbeskyttelse
  - Overhalde forpliktingar (vassdirektivet, klimamål, Gøteborgprotokollen mv.)

Mål: tilførte mengd fosfor skal stemme best mogleg med det som trengst / blir teke ut. Har ikkje har lukkast godt til no

Kart: Statsforvaltaren i Vestland / Graf: Nibio

# Fosforgrense

| | Fra 2025 | Fra 2027 | Fra 2030 | Fra 2033 |
|---|---|---|---|---|
| Rogaland | 3,5 kg P/daa | 3,1 kg P/daa | 3 kg P/daa | 2,7 kg P/daa |
| Troms og Finnmark | | 2,5 kg P/daa | | |
| Resten av landet | | 2,8 kg P/daa | 2,5 kg P/daa | 2,3 kg P/daa |
| Innmarksbeite | 2 kg P/daa | | | |

- Som felles grense for alle gjødselslag, inkl. mineralgjødsel
- Val å anten rette seg etter grenser eller etter krav om balanse
- Høve til høgare fosfortilførsle for særeig fosforkrevende vekster

# Konsekvens på gardsnivå

| Døme: 35 kyr 25 okser 32 kviger | | Fosformengd (kg) | Grense (kg P/daa) | Arealbehov (daa) |
|---|---|---|---|---|
| **Forutsett 2024** | | 756 | 3.5 | 216 |
| Rogaland | Frå 2027 | 810 | 3.1 | 261 |
| Rogaland | Frå 2033 | 810 | 2.7 | 300 |
| Resten av landet | Frå 2027 | 810 | 2.8 | 290 |
| Resten av landet | Frå 2033 | 810 | 2.3 | 352 |

Eit slikt føretak i Vestland treng 136 daa meir spreieareal enn i dag!
Må spreie husdyrgjødsel på 63 % meir areal
(Dette gjeld berre husdyrgjødsel, ikkje rom for fosfor i mineralgjødsel i tillegg)








# Eit mogleg val: Balansegjødsling

- Fosforstraumar inn til gardsdriften må ikkje vere større enn fosforstaumar ut (forhold 1:1 eller bedre)
- Gjeld for 3-årsperiode om gangen
- Meldeplikt

**Foto:** Øyvind Vatshelle./ **Figur:** Landbruks- og matdepartementet

© Statsforvaltaren i Vestland







# Konsekvensar

- **Tal føretak som får for lite spreieareal er berekna**
  (dei som har nok «på papiret», men ikkje gjødslar nok areal kjem i tillegg)
- **Rogaland får flest berørte føretak**
  til tross for mildare krav enn i andre fylke, men ein del kan bruke balansegjødsling

| Tal berørte føretak | 2025 | 2027 | 2033 |
|---|---|---|---|
| Rogaland | 700 stk | 900 stk | 1100 stk |
| Resten av landet | 1300 stk | 1900 stk | 2600 stk |
| TOT | 2000 stk | 2800 stk | 3700 stk |

Foto:

# Nokre aktuelle tilpassingar for berørte føretak

- Overgang til lavfosfat-gjødsel
- Balansegjødsling – må få mest mogleg ut av husdyrgjødsla og grovfôrareala
- FKRA ser på fosforfattig kraftfôr
- Skaffe større arealgrunnlag – nydyrking, gjenoppta areal ute av drift, utmarksbeite
- Omfordeling til ledig areal i mindre eller større avstand
- Storskalaløysingar for omfordeling over fylkesgrenser
- Justere dyretal



Fot: Sverre Heggseth, NLR

# Mange føretak i Vestland manglar spreieareal

*Spørjeundersøking 334 bønder, februar 2025*
*91 % mjølk, 5 % gris/fjørfe, 4 % kombinasjon*

- 72 % må gjere tiltak for å ha nok spreieareal, eller er usikre på om dei må gjere tiltak
- Svar om aktuelle tiltak for å unngå for kraftig gjødsling med husdyrgjødsel:
  - Spreie på meir innmarksbeite (78 % av dei som må gjere tiltak)
  - Balansegjødsling (reelt for 70 %?)
  - Meir utmarksbeiting (61 % av dei som må gjere tiltak)
  - Spreie på meir eige areal (55 % av dei som må gjere tiltak)
  - Nydyrking (54 % av dei som må gjere tiltak)
  - mm…

Kva tiltak kan vere aktuelle for å få nok spreieareal (prosent)





© Statsforvaltaren i Vestland

# Krav om maks 3,5 kg P/daa frå 2025
er ikkje heilt identisk med spreiearealkrav frå 2024

| | Normtall hittil | Ajour kunnskap |
|---|---|---|
| Melkeku | 14 | 15 |
| Ammeku | 9 | 8 |
| Ungdyr | 4,7 | 5 |
| Sau | 2 | 2 |
| Avlspurker | 4,7 | 8,1 |
| Slaktegris | 0,7 | 0,37 |
| 100 verpehøns | 14 | 12 |
| 1000 slaktekylling | 8 | 10 |

# *«Hvordan praktisere 3,5 kg P/daa nå i 2025*

- Vi vil oppfordre til å følge de nye grensene så langt det er praktisk rimelig.
- Det kan være grunn til å gjennomgå gjødslingsplanen på nytt, men uten at det er påkrevd å gjøre om på planene som allerede er lagt.
- Selv om ny grense på 3,5 kg P/daa innføres i 2025, vil det i oppstartsåret være forståelse for at enkeltforetak (bl.a. med melkekyr) der gjødselproduksjon hittil har fått overstige 3,5 kg P/daa kan ha vanskelig for å komme innenfor de nye grensene allerede i 2025.»

*Landbruks- og matdepartementet*

© Statsforvaltaren i Vestland



# Spreieareal på beite (1)

- Grense på 2 kg P/daa
- Avstand til vassdrag skal vere minst 6 meter

## Husdyrgjødsel

- NB! All bruk av husdyrgjødsel på innmarksbeite krev godkjenning frå kommunen
- Dei som har dokumentasjon med tidlegare godkjenning slepp normalt ny godkjenning

**Foto:** Øyvind Vatshelle

© Statsforvaltaren i Vestland



# Spreieareal på beite (2)

## Mineralgjødsel

- Er no innført krav om godkjenning for bruk av mineralgjødsel på innmarksbeite
- Overgangsperiode 2025, 2026 og 2027: Du kan spreie mineralgjødsel på beite som hittil er tilført mineralgjødsel
- Ugjødsla innmarksbeite huser viktige naturverdiar nettopp fordi de er ugjødsla. Difor legg vi vekt på å skjerme mot gjødsling i slike tilfelle.
- Frå 2028: alt areal må ha godkjenning for spreiing av mineralgjødsel

**Foto:** Liv Lyngstad, NLR

© Statsforvaltaren i Vestland



# Spreieareal på beite (3)

- Venter trykk for å få innmarksbeite godkjent som spreieareal
  Viktig med god sakshandsaming: opne for gjødsling der det er ønskeleg, men skjerme mot gjødsling der det er uønskt
- Todelt løysing
  - Beite godkjent berre for mineralgjødsel
  - Beite med generell godkjenning
- Kommunen skal innrapportere godkjent areal i offentleg register
  Inntil vidare må godkjenning ligge i kartotek lokalt

**Foto:** Øyvind Vatshelle

# Gjødsling på innmarksbeite

| | Rogaland | | | Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal | |
|---|---|---|---|---|---|
| | daa | % | | daa | % |
| Gjødsla minst ein gong: | 399 690 | 91 | | 229 280 | 58 |
| *med både husdyrgjødsel og mineralgjødsel (ca.)* | *166 000* | *38* | | *60 000* | *15* |
| *berre med mineralgjødsel (ca.)* | *146 000* | *33* | | *125 000* | *32* |
| *berre med husdyrgjødsel (ca.)* | *88 000* | *20* | | *44 000* | *11* |
| Ikkje gjødsla | 41 060 | 9 | | 167 010 | 42 |
| Sum | 440 750 | | | 396 290 | * |



Gjødselundersøkinga 2018, SSB:

- I Rogaland blir 91 % av innmarksbeite gjødsla, 9% er ugjødsla.
  I «Vestland» / Møre og Romsdal blir 58 % gjødsla, 42 % ugjødsla.
- I Rogaland blir det spreidd *mineralgjødsel* på ca. 71 % av arealet.
  I «Vestland» / Møre og Romsdal på ca. 47 %.
- I Rogaland blir det spreidd *husdyrgjødsel* på ca. 58 % av arealet.
  I «Vestland» / Møre og Romsdal på ca. 26 %.

** Av totalt 396 290 daa innmarksbeite kan ein estimere at det er:*
*ca. 305-310 000 daa i «Vestland» og*
*ca. 85-90 000 daa i Møre og Romsdal*

**Foto:** Øyvind Vatshelle

© Statsforvaltaren i Rogaland og Statsforvaltaren i Vestland

# Nitrogenavgrensning – ikkje aktuelt for Vestland

**§ 19.** ***Begrensning for nitrogen i sårbare områder***

I områder som til enhver tid er definert som sårbare etter direktiv 91/676/EØF om beskyttelse av vann mot forurensning forårsaket av nitrater fra landbruket (nitratdirektivet) er det ikke tillatt å tilføre mer enn 17 kg nitrogen per dekar per år fra husdyrgjødsel. Dette gjelder områder med avrenning til Glommavassdraget, medregnet Lågen og Vorma, Haldenvassdraget og øvrige områder med avrenning til Oslofjorden mellom svenskegrensa og Strømstangen fyr samt til indre Oslofjord (innenfor Drøbaksterskelen).

Mengden nitrogen i egen husdyrgjødsel bestemmes enten ut fra normtall for ulike dyreslag, jf. vedlegg 2, eller ut fra en oversikt over nitrogenstrømmer inn til og ut av husdyrholdet. Det kan gjøres fratrekk for forventet tap av ammoniakk fra husdyrrom og lager. Slikt fratrekk kan ikke overstige faktorene i vedlegg 2.




# Ymse krav

- Dyrehald utomhus (§ 6)
- Samsvarserlæring for bygging / utbetring av gjødsellager / silo. Kommunen skal ikkje lenger godkjenne før bruk (§ 7)
- Bakkelagring av faste gjødselslag (§ 8)
- Rundballar og anna midlertidig lagring av fôr, oppsamling av silopressaft (§ 9)
- Oppsamling av vaskevatn og næringshaldig væskeoverskot frå husdyrrom og veksthus (§ 10)
- Planterestar frå grønsaksavlingar og veksthus (§ 11)

**Foto:** Øyvind Vatshelle

© Statsforvaltaren i Vestland

Gamal gjødselport




Eldste grassilo i bruk




# Risiko for punktutslepp?



*Spørjeundersøking 334 bønder, februar 2025*
*91 % mjølk, 5 % gris/fjørfe, 4 % kombinasjon*

- 58 % har gamal gjødselport
- 39 % har silopressaft i gjødselkjeller
- 31 % nyttar gamalt gjødsellager på leigejord
- 29 % nyttar silo frå før 1980, eldre enn 45 år gamal
- 13 % har gjødselkum i duk / stål

**Foto:** Anders W. Yri, Asplan Viak

© Statsforvaltaren i Vestland



# Gjødslingsplan – nye krav frå 2026

2025, same regelverk som før:

- Gamle fritak gjeld
- NB! Planen må bli oppdatert årleg
- Andre krav kan gi behov for ny plan

2026, ny forskrift:

- Nye krav til kven som skal ha plan:
  Mellom anna alle som gjødslar > 25 daa

**Foto:** Øyvind Vatshelle

© Statsforvaltaren i Vestland



# Gjødslingsjournal og rapportering – krav frå 2026

- Dokumentasjon på bruk:
  Journal over faktisk disponering av gjødsla, alle som bruker gjødselvare
- Dokumentasjon på mottak / levering:
  - Dokumentasjon av mottak > 75 kg fosfor
  - Dokumentasjon / innrapportering av bortskaffing > 75 kg fosfor

**Foto:** Øyvind Vatshelle

© Statsforvaltaren i Vestland



# Jordprøver

- Differensiering i krav til maks alder:
  < 2 år (avløpsslam § 22)
  < 4 år (balansegjødsling § 20 og grønsaker § 21)
  ellers normalt: < 8 år (§ 26)

- Analyseresultat skal innleverast til offentlig register frå tidspunkt som Landbruksdirektoratet bestemmer

**Foto:** Øyvind Vatshelle

# Nokre justeringar og oppmykingar samanlikna med høyringsforslaget

- Overgangstid før strammare fosforgrenser (§ 20)
- Meir differensiering og overgangstider for spreiefristar (§ 15)
- Ikkje krav om dekke på lager for svinegjødsel no
  Skal bli greia ut nærare, og blir innført så snart som mogleg (§ 7)
- Fjørfegjødsel kan lagrast på bakken utan krav om å skjerme mot nedbør (§ 8)
- Tørre gjødselvarer motteke utanfrå kan lagrast på bruksstaden utanom vekstsesongen (§ 8)
- Jordprøver i hovudsak < 8 år, og ikkje krav om uavhengig konsulent

| *Vestland* | **Frå 2025** | **2026** | **2027** | **2028** | **2029** | **2030** | **…** | **2033 →** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Spreietidspunkt** | 15. sept utan nedmolding<br>1. nov med nedmolding<br><br>15. februar | | 15. september uansett<br>(føretak med overgangstid:<br>1. nov med nedmolding)<br>1. mars<br>Hausting etter siste spreiing | | 15. september uansett<br><br><br>1. Mars<br>Hausting etter siste spreiing | | | |
| **Fosforgrense** | 3,5 kg P/daa | | 2,8 kg P/daa | | | 2,5 kg P/daa | | 2,3 kg P/daa |
| **Husdyrgjødsel på innmarksbeite** | Søknadspliktig<br>Godkjenningar gitt før 1. feb 2025 gjeld framleis | | | | | | | |
| **Mineralgjødsel på innmarksbeite** | Tillate så lenge du har gjødslingsplan frå 2022 eller 2023 som viser at det blei brukt mineralgjødsel før 1. feb 2025 | | | Søknadspliktig | | | | |
| **Gjødslingsplan** | Som før<br>Gamle fritak ok | Krav etter ny forskrift § 26: Nye krav til kven som skal ha gjødslingsplan,<br>Truleg ikkje høve til fritak | | | | | | |
| **Gjødslingsjournal**<br>**inkl. oversikt over motteke gjødsel meir enn 75 kg P** | Ikkje krav | Krav etter ny forskrift § 27:<br>Alle skal føre journal, òg dei som ikkje har krav om gjødslingsplan | | | | | | |
| **Innrapportering ved bortskaffing av gjødsel meir enn 75 kg P** | Kravet gjeld frå det tidspunktet som Landbruksdirektoratet bestemmer | | | | | | | |
| **Jordprøver** | Jordprøver tatt før 2025 er godkjent,<br>så lenge dei er kartfesta og gir info om jordart, pH, P-Al og moldinnhald | | | | | Uttak og analyse av jordprøver skal følge krav i § 29 | | |
| **Innrapportering av jordanalyseresultat** | Kravet gjeld frå det tidspunktet som Landbruksdirektoratet bestemmer | | | | | | | |
| **Bruk av gjødselvare med avløpsslam** | | | | | | Ikkje tillate dersom P-Al >= 14<br>Maks 25 kg P/daa i tiårsperiode | | |

# Heimel til strengare krav, meir lempelege krav eller dispensasjon - utdrag relatert til Vestland

- Statsforvaltaren kan stille strengare krav til
  - lagring og plassering av tørre organiske gjødselvarer direkte på bakken (§§8, 31a)
  - lagring og bruk av gjødselvare i område der vassførekomstane ikkje oppfyllar måla i vassforskrifta eller står i fare for å få forverra tilstand (§ 31g)
- Kommunen kan gi tidsavgrensa dispensasjon til gjødsling utanom spreieareal ved etablering av nye innmarksbeite (§ 32)
- Statsforvaltaren kan i særlege tilfelle og etter søknad gi dispensasjon frå krav i forskrifta

Slike enkeltvedtak / dispensasjonar skal bli innrapportert til offentleg register




# Forvalting og oppfølging

- **Mangelfull oppfølging av dagens regelverk**
  Det har vore tungvindt å drive tilsyn og vanskeleg å følgje opp brot

- **Med nytt regelverk vil oppfølginga bli sett enda meir på prøve**
  Avgjerande med god oppfølging for legitimiteten for regelverk og jordbruk

**Foto:** Landbruksdirektoratet

# God forvalting nødvendig for at måla skal bli nådd!



# Rettleiing – kva er tilgjengeleg no

- Kva krav gjeld for meg?
  - Kortfatta rettleiing for bonden
  - Blir utvida etter kvart som det kjem spørsmål
  - Fosforkalkulator (laga med Statsforvaltaren i Rogaland)



# Rettleiing tilgjengeleg på sikt

- Meir informasjon på Landbruksdirektoratet sine nettsider om korleis du søker, dokumenterer og rapporterer
- Rundskriv til forskrifta



Foto: Nono Dimby, Statsforvaltaren i Rogaland



# Forvaltingsverktøy frå Landbruksdirektoratet (1)

- Nytt kartbasert fagsystem
  - Inkl. søknad innmarksbeite, rapportering, registrering mm
  - 2 års utviklingstid, men mogleg lansering av enkeltmodular tidlegare
- Jordprøveregister
- Verktøy for balansegjødsling

**Foto:** Landbruksdirektoratet

# Forvaltingsverktøy frå Landbruksdirektoratet (2)

- Rapport frå produksjonstilskot (PowerBI-rapport)
  - Førebels hjelpemiddel for å vurdere om føretak potensielt kan ha nok areal til fosfor frå husdyrgjødsel
  - Innlogging, kommunane får snart tilgang

Landbruksdirektoratet
Eanandoallodirektoráhtta

Fylke: INNLANDET
Kommune: RINGSAKER
Søknadsomgang: 2023

Se detaljer | Mer informasjon | Startside

| Org. nummer | Navn | Driftssenter | Kommune | Kg P fra egen husdyrgjødsel | Disp. areal fulldyrka + overflatedyrka (daa) | Tillatt spredt på egene arealer 2025-2026 (kg P) | Må bortskaffes/Kan mottas 2025-2026 (kg P) | Spredeareal som mangler/Spredeareal man har ekstra 2025-2026 (daa) | Tillatt spredt på egene arealer 2027-2029 (kg P) | Må bortskaffes/Kan mottas 2027-2029 (kg P) | Spredeareal som mangler/Spredeareal man har ekstra 2027-2029 (daa) | Tillatt spredt på egene arealer 2030-2032 (kg P) |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | RINGSAKER | 942 | 156 | 546 | 396 | 113 | 437 | 505 | 180 | 39 |
| | | | RINGSAKER | 53 | 89 | 312 | -259 | -74 | 249 | -197 | -70 | 22 |
| | | | RINGSAKER | 895 | 584 | 2 044 | -1 149 | -328 | 1 635 | -740 | -264 | 1 46 |
| | | | RINGSAKER | 140 | 132 | 462 | -322 | -92 | 370 | -230 | -82 | 33 |
| | | | RINGSAKER | 15 | 36 | 126 | -111 | -32 | 101 | -86 | -31 | 9 |
| | | | RINGSAKER | 779 | 279 | 977 | -198 | -56 | 781 | -2 | -1 | 69 |
| | | | RINGSAKER | 690 | 415 | 1 453 | -763 | -218 | 1 162 | -472 | -169 | 1 03 |
| | | | RINGSAKER | 1 354 | 264 | 924 | 430 | 123 | 739 | 615 | 220 | 66 |
| | | | RINGSAKER | 310 | 115 | 403 | -93 | -26 | 322 | -12 | -4 | 28 |
| | | | RINGSAKER | 905 | 494 | 1 729 | -824 | -235 | 1 383 | -478 | -171 | 1 23 |
| | | | RINGSAKER | 646 | 436 | 1 526 | -880 | -251 | 1 221 | -575 | -205 | 1 09 |
| | | | RINGSAKER | 1 056 | 0 | 0 | 1 056 | 302 | 0 | 1 056 | 377 | 0 |
| | | | RINGSAKER | 280 | 179 | 627 | -347 | -99 | 501 | -221 | -79 | 44 |

© Statsforvaltaren i Vestland 

# Rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland

- Nettsak om nye krav
- Fosforkalkulator
- Søknadsskjema innmarksbeite mm
- Rettleiing innmarksbeite og brevmal (straks klar)
- Svar spørreundersøking (straks klar)

Korleis ønskjer kommunane vidare dialog?

Statsforvaltaren i Vestland

Norsk (nynorsk)

Søk Søk

Statsforvaltaren i | Om oss | Kontakt oss | Fagområde A-Å | Abonner på nyhende

Vestland > Landbruk og mat > Miljøtiltak > Gjødsel og pressaft > Nye krav til bruk av gjødsel

## Nye krav til bruk av gjødsel



Ny gjødselbrukforskrift blir viktig for vestlandsbonden. Foto: Øyvind Vatshelle, SFVL.

Det nye gjødselregelverket gjeld frå 1. februar 2025. For bonden er dette ei innstramming i bruk av gjødsel. Her går vi inn på nye krav som gjeld i Vestland frå 2025.

Publisert 20.02.2025

Formålet med forskrifta er å legge til rette for rett gjødsling, gode avlingar, mindre avrenning til vassdrag og ta vare på biologisk mangfald. Den nye forskrifta gjeld bruk av både husdyrgjødsel og mineralgjødsel. Krav knytt til spreiemengd og spreietidspunkt gjeld ulikt i ulike delar av landet.

### Nye fristar for spreiing av gjødsel

Nye fristar for spreiing i Vestland blir mellom 1. mars og 15. september, og gjeld all gjødselvare. Det skal alltid haustast ei avling etter siste gjødsling. Det blir såleis slutt på sein haustspreiing av husdyrgjødsel med nedmolding, slutt på spreiing av pressaft utover hausten og slutt på kommunale forskrifter med utsett spreiing på grasmark. Det er framleis forbode å spreie gjødsel på frosen eller snødekt mark. Mange må no planlegge meir spreiing av husdyrgjødsel på vår og forsommar, for å unngå gjødsel som må ut etter siste slått. Kommunen kan ikkje lenger tillate gjødselspreiing etter fristen. Statsforvaltaren får høve til å gi dispensasjon, men berre i særskilte tilfelle.

I 2025 og 2026 er det ei overgangsordning med fristar 15. februar og 15. september, og høve til å spreie med nedmolding fram til 1. november. Dei som har for lite lager har i tillegg overgangsordning ut 2028 med høve til å spreie med nedmolding fram til 1. november. Dette gjeld berre dersom det ikkje er vesentlege endringar i drifta, til dømes omlegging til lausdrift eller installering av mjølkerobot.

### Kommunen må godkjenne innmarksbeite som skal gjødslast

Det er nytt at dette gjeld både for mineralgjødsel og husdyrgjødsel. Statsforvaltaren har utarbeidd eige søknadsskjema. All bruk av husdyrgjødsel på innmarksbeite krev godkjenning frå kommunen. Dei som har dokumentasjon med tidlegare godkjenning frå kommunen slepp normalt ny godkjenning. Sakshandsaminga skal opne for gjødsling der det er ønskeleg, og skjerme mot gjødsling det det ikkje er ønska.

Mineralgjødsel kan som ei overgangsordning bli spreidd på innmarksbeite utan godkjenning i 2025-2027 dersom gjødslingsplan for 2022 eller 2023 viser bruk av mineralgjødsel på det aktuelle beitet. I andre tilfelle må kommunen godkjenne innmarksbeitet som spreieareal før bruk av mineralgjødsel.

### Avstand til vassdrag

Det er krav om minst to meter gjødslingsfri sone mot vassdrag, som tidlegare har vore vanleg praksis. For innmarksbeite er denne sona utvida til seks meter.

**Kontaktpersonar**

Øyvind Vatshelle
Tlf: 55 57 21 78

Martin Søgnen
Tlf: 57 64 30 79

**Lenkjer**

Landbruksdirektoratet - Rettleiing til gjødselbrukforskrifta.

Lovdata - Forskrift om lagring og bruk av gjødsel mv.

Statsforvaltaren i Vestland - Krav om gjødslingsplan til og med 2025.

**Dokument**

- Fosforkalkulator
- Søknad om godkjenning av innmarksbeite som spreieareal - gjødselvare
- Søknad om dispensasjon for å gjødsle med husdyrgjødsel ved opparbeiding av innmarksbeite
- Avtale om spreiing av husdyrgjødsel
- Kvittering for levert husdyrgjødsel

Foto: